

Politisk sak 99/2024 Budsjett 2025 - Økonomiplan 2025 - 2028

Formannskapet 28.11.2024

Behandling

Framlegg frå Frp, H, INP og Krf ved Bente Kari Sletten Taranger

Framstegspartiet, Høgre, Industri- og næringspartiet og Kristeleg Folkeparti, heretter kalla «Fleirtalspartia» presenterer i dette dokumentet sine prioriteringar og styringssignal for økonomiplanperioden 2025 -2028.

Framlegg til budsjett for 2025 byggjer på kommunedirektøren sitt framlegg og alle endringane som er omtalt er utifrå det.

Oppsummering hovudprioriteringar

Stortinget har i 2024 vedtatt nytt inntektssystem for kommunane i Noreg. Austevoll er ein av kommunane som tapar mest på den nye fordelingsmodellen. Framlegg til statsbudsjett for 2025 viser at Austevoll kommune vil miste omlag NOK 28 mill. i varige inntekter per år. For vår kommune er det endring i fordeling av skatteinntekter som har størst negativ effekt, då utbyteskatt ikkje lenger vert fordelt til kommunane, og kommunane sin andel av formuesskatten vert halvert. For Austevoll kommune, som har ein stor grad av sjølvstendig næringsdrivande slår dette svært hardt ut.

Kommunedirektøren har innleia sitt budsjettframlegg med at han ynskjer å ta tydelege grep for å handtere nye rammevilkår. Det er lagt inn innsparingstiltak og tiltak som kan effektivisere drifta i størrelsesorden NOK 30 million. Vidare er det påbegynt eit prosjektet «langsiktig økonomisk utvikling», som skal vurdere kva økonomiske og organisatoriske grep kommunen kan gjere på lang sikt, for å sikre berekraftig økonomisk utvikling og ei framtdsretta organisering. Prosjektet skal levere forslag til innsparingstiltak på kr 50 mill., (heretter kalla «Omstillingsprosjektet»).

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2025 vil kommunen få om lag NOK 505,5 millionar i inntekter, inkludert midlar frå havbruksfondet. Kostnaden med drift av organisasjonen er rekna til NOK 502,0 mill. For å sikre dette budsjettet er det lagt inn innsparingstiltak, men budsjettet avhenger av bruk av midlar frå havbruksfondet. Kommunedirektøren meiner avhengigheit av havbruksinntektene kan vere ein risiko i framtida, då vi veit ikkje korleis dette utviklar seg. Vidare rår han til at kommunen bør legge opp til ei langsiktig økonomisk utvikling, der vi er mindre avhengig av midlar frå havbruksfondet.

Fleirtalspartia sine fokusområde:

- Å sette retning for Austevoll kommune for den neste 10-års perioden gjennom ein god og gjennomarbeida kommuneplan, både den overordna samfunnsdelen og kommuneplanen sin arealdel.

- Komme gjennom ein krevjande økonomisk periode gjennom å gjere tydeleg prioriteringar, samstundes som me skal ivareta rolla som tilretteleggjar for samfunnsutvikling og leverer tenester av god kvalitet med fokus på effektiv drift.
- Fokusere på eit godt samspel mellom politikk, administrasjon og innbyggjarar.
- Oppvekst og skule: Skape trygge born og unge vaksne, skape ein kunnskapsskule med moglegheiter for alle.
- Investeringar må bremsast for å ikkje auke lånegjelda unødig mykje samt binde opp for store beløp i renter og avdrag. Me har som mål at havbruksfondet ikkje skal gå til drift av kommunen, men vere ein reserve til investeringar og uføresette ting.

Administrasjon, stab og støtte

Budsjettområdet inneholder alle administrative fellesnester som rådmannen sin stab, økonomi, personal, IT og servicekontor. I tillegg kjem politiske styringsorgan og kontrollutval.

Fleirtalspartia sitt fokusområde

Kommunedirektøren har fått mandat til å gjennomføre Omstillingsprosjektet. Prosjektet er forventa å levere sluttrapport innan 31.03.2025. Prosjektet skal evaluere dagens administrative organisering og vurdere det opp mot framtidige kompetansebehov. Prosjektet skal mellom anna vurdere følgjande tema:

- Leiarskuktur, tal leiarnivå, avgjerdsnivå og kontrollspenn
- Behovet for stabs- og støttefunksjonar

Det er klare forventningar frå Fleirtalspartia at Omstillingsprosjektet kjem med konkrete tilrådingar til organisatoriske prinsipp og organisatoriske endringar, dette inneberer blant anna reduksjon/omdisponering av personale i administrasjonen, og at desse vert fylgt opp av kommunedirektør i 2025, i tett samarbeid med styringsgruppa. Fleirtalspartia har forventningar til at Omstillingsprosjektet skal medføre innsparinger, og har auka innsparinga med kr 1 mill. frå kr 2 mill. til kr. 3 mill. i 2025, i forhold til kommunedirektøren sitt framlegg.

I påvente av rapporten frå Omstillingsprosjektet skal det framleis vere tilsetningskontroll i Austevoll kommune. Tilsettingskontrollen skal godkjennast av kommunedirektør i samråd med politisk leiing.

Politiske styringsorgan

I høve til politiske styringsorgan fremmar Fleirtalspartia forslag om å endre dagens politiske organ til følgjande:

- Kommunestyre: 21 medlemmar
- Formannskapet: 7 medlemmar
- Utval for plan- og byggesak: 7 medlemmar

- Levekårsutvalet: 9 medlemmar

Utval for helse og Utval for oppvekst, skule og kultur vil som fylgje av omorganiseringa leggjast ned. Saker som har hørt under desse utvala vert lagt til Levekårsutvalet.

Fleirtalspartia har prioritert kutt i budsjett for politiske styringsorgan. Fylgjande forslag til kutt er tatt inn i framlegg til budsjett:

- Redusere antal politiske styringsorgan
- Redusere servering på politiske møte og gå over til enklare løysingar
- Redusere formannskapet sin post for tilleggsløyvingar
- Redusere budsjett for gåver
- Redusere annonsebudsjett

Vidare ser Fleirtalspartia seg nøyd til å redusere andre postar i politisk budsjett, som annonse, gåver og utgifter til mat på politiske møter.

Total reduksjon i politisk budsjett er kr 267 000,-.

Oppvekst, kultur og fritid

Det er viktig at utfordringar og vanskar blant barn og unge vert handtert på eit tidleg stadium. Førebyggjande arbeid og gode tenester bidreg til tryggare barndom og ungdomstid

Kommunedirektør legg vekt på at tenestene innan oppvekstsektoren skal bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår og eit godt tilrettelagt opplæringstilbod. Sektoren skal sørge for tidleg innsats slik at tenestene rettar seg mot det einskilde born eller ungdom, og deira familiar. Gjennom tidleg innsats er målet at kvar einskild i størst mogleg opplever livsmeistring.

I sektor oppvekst foreslår kommunedirektøren å redusere årsverk og driftskostnadane i grunnskule og vaksenopplæring. Driftskostnadane for desse tenestene er høge samanlikna med andre kommunar. Det er framlagt at reduksjon av årsverk vil bli handtert med å ikkje tilsette i ledige stillingar, og at midlertidige stillingar skal vurderast. Kommunedirektøren sitt framlegg er at søknadsbaserte tilskot innan kultur og idrett blir redusert med NOK 1 mill. og skulelunsj på alle skulane blir foreslått tatt bort.

Fleirtalspartia sitt fokusområde

Austevollskulen har over fleire år vist svake resultat, både på nasjonale prøvar og andre kartleggingsprøvar. Vi har mangel på kvalifiserte lærarar, for mange elevar som opplever eit utrygt skolemiljø og lågare kvalitet i skulen enn samanliknbare kommunar, dette på tross av at vi driv dyrare enn dei. Fleire kjelder, som KOSTRA tal og Kommuneindeksen syner til saman at vi har høgare kostnader og därlegare kvalitet enn andre kommunar.

UngData rapporten, elevundersøking, Kostra, Kommuneindeksen og nasjonale prøver syner at vi har ein jobb å gjere innan sektoren.

Fleirtalspartia har høge forventningar til at vi i 2025, gjennom både samarbeid med Lesesenteret i Stavanger, gjennom Omstillingsprosjektet og gjennom arbeid med «Kvalitetsplan for oppvekst, barn og unge» som har oppstart i 2025, kan komme ut av denne negative spiralen. Det krev ein felles strategi i heile grunnskulen, at alle spelar på lag mot det same målet, og at kvar enkelt «eig» prosjektet. Me må sette oss høge mål, og saman skal vi nå dei.

Det er foreslått store kutt i kommunedirektøren sitt budsjett, og Fleirtalspartia ser det naudsynt å i all hovudsak behalde desse kutta. Likevel vil vi påpeike at vi har forventningar til at endringar vert gjort på ein god måte, med stor grad av medverknad frå born og unge, foreldre og tilsette som arbeidar med born og unge. Dette må vere eit felles prosjekt der det ikkje berre vert stilt krav til skule men og til heim og elevar.

Fleirtalspartia sine endringar i forhold til kommunedirektøren sitt framlegg:

- Det foreslårte kuttet i skulelunsj vert lagt inn att i budsjett
- Det er lagt inn ei ytterlegare innsparing på Austevollsbadet på kr 100 000, slik at total innsparing der er kr 150 000,-.

Helse og velferd

Austevoll kommune skal ha eit robust helsetilbod og eit godt fagleg samarbeid på tvers av kommunale helseavdelingar og med spesialisthelsetenesta.

Me skal ha ei god eldreomsorg. Det skal det vere trygt å vite at du sjølv eller den du er glad i, får god hjelp og omsorg om behovet melder seg. Fleirtalspartia vil satse vidare på dei gode løysingane innan eldreomsorg og ta med brukarar, pårørande og tilsette når me skal utvikle tenestene vidare.

Det er eit politisk viktig mål for fleirtalspartia at alle skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer og at kommunen skal strekke seg langt for å levere tenester på innbyggjarane sine premisser. Dette trur me vil auka livskvaliteten til den enkelte og skape tryggleik for at kommunen er opptatt av å yte tenester i heile kommunen.

Fleirtalspartia sine fokusområde

- Sikre tryggleik for familiar som treng avlastning for born under 18 år. Føreslått kutt i avlastning i feriar og på rauda dagar, vert lagt inn att i budsjettet.
- Sikre at brukarar av miljøarbeidartenesta får den hjelpe dei treng når dei treng det for å kunne leve eit godt og inkludert liv. Fleirtalspartia reverserer difor foreslått kutt i BPA, og presiserer samtidig at det ikkje skal kuttast i tilbodet om støttekontakt for dei som treng det.

- Sikre at også andre innbyggjarar som av ulike grunnar treng hjelp for å kunne ha ein mest mogleg normal kvardag, får den hjelpa dei treng gjennom BPA, støttekontakt eller heimehjelp.
- Eit tett og godt samarbeid med Austevoll ASV AS, som er 100% eigd av Austevoll kommune, er spesielt viktig for å sikre likeverd, arbeidsglede, inkludering og kvalitet, spesielt gjennom tiltak i ATA (arbeids- og treningsavdeling), VTA (varig tilrettelagt arbeid og AFT (arbeidsførebuande trening). Fleirtalspartia vil verne om dette arbeidet, og dersom ein gjennom Omstillingsprosjektet finn det hensiktsmessig i å gjere endringar innan dette området, skal det gjerast i tett samarbeid med leiinga i Austevoll ASV AS og kommunestyret.
- I ei tid med behov for meir effektiv drift så finn ikkje fleirtalspartia rom for å prioritere bemanningsauke ved å tilsetje ny lege i fast stilling i legetenesta. Vi beheld den foreslårte innsparinga på -1,6 mill., men viser til tilsettingskontroll som nemnd over.
- Austevoll kommune sin organisering av legeteneste skal vurderast i samband med prosjektet Omstillingsprosjektet som er påbegynt og estimert ferdig i løpet av 1. kvartal 2025.
- Fleirtalspartia ser nytta av moglegheitsstudie Demens, men finn ikkje rom for å legga inn ekstra midlar til dette i år. Kr 500 000,- som kommunedirektøren foreslår til dette planarbeidet, vert tatt ut av budsjettet. Fleirtalspartia stiller seg positiv til studien dersom dette likevel kan gjerast innafor budsjetttrammene.
- Gode arbeidsforhold for våre tilsette, herunder tilsette i heimetenesta.

Samfunnsutvikling

Fleirtalspartia støttar kommunedirektøren i at vi skal utvikle kommunen - saman!

Sjølv om kommunen får strammare økonomi dei neste åra, er det viktig å utvikle kommunen. I 2025 skal vi jobbe med kommuneplanen sin samfunnsdel, som skal vere den overordna politiske planen for utvikling av Austevoll-samfunnet. Vi skal gjennom kommuneplanen lage ein visjon og sette mål for utviklinga dei neste 20 åra. I tillegg skal vi fortsette arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

I tillegg ser me eit større behov for å fokusere på beredskap og samfunnstryggleik. Ekstremvær, krig i Europa og auka geopolitiske spenningar skapar ein ustabilitet som er ukjend for dei fleste av oss.

For sektor samfunnsutvikling er det foreslått å redusere utgifter til vedlikehald, drift, straum og driftstilskot til idrettslag.

- Fleirtalspartia legg inn att kr 100 000,- av kommunedirektøren sitt forslag til kutt i driftstilskot til AIK og SIL, og ber om at ein går i dialog med idrettslaget for å saman kome fram til kva driftstilskotet bør vera i åra framover.

Fleirtalspartia sitt fokusområde

Plan og byggesakspolitikken

Fleirtalspartia ynskjer at Austevoll kommune skal vera ein kommune som er på lag med innbyggjarane der både politikarar og administrasjon leiter etter løysingar for å fremja utvikling av Austevoll. Utval for plan og byggjesak skal vera tett på prosessane som styringsgruppe for arbeidet med å forbetra plan og byggjesakspolitikken på dette området.

Mål for perioden:

- Prioritere å redusere ventetida på søknadar og gje innbyggjarane ei positiv oppleving av kommunen som ein lagspelar. Dette vil me oppnå ved tett og godt samarbeid mellom plan- og byggesaksavdelinga og plan- og byggesaksutvalet.
- Gje administrasjonen klare politiske styringssignal ved at politisk nivå kjem inn tidleg i prosessar og setter retning for utviklinga.
- Fleirtalspartia vil sørge for at feltet vert meir styrt av planar og mindre av dispensasjonar.
- Rettleiing og møter skal ikkje være ein ekstrakostnad, men være inkludert i dei ordinære gebyra.
- Delegasjonsreglementet må ta høgde for eit tydelegare skilje mellom kva som er politikk og kva som er administrasjon. Hovudregelen er at der det finns eit lokalt handlingsrom for å utøve politikk i tråd med innbyggjarane og næringslivet sine behov, skal desse fagleg synleggjerast som moglegheiter og leggjast fram for politisk nivå til avgjerd.
- Det er eit høgprioritert mål å få ned sakshandsamingstida ytterlegare gjennom meir effektiv drift av kommunen.
- Fleirtalspartia forventar ein styrka mottakskontroll, for å sortere enkle saker som kan handsamast raskt.

Investeringsbudsjettet

Austevoll kommunestyre vedtok i KST den 20.06.24 eit prinsipp- og styringsdokument for styring av investeringsprosjekt. Kommunedirektøren skal leggje prosjekthandbok for investeringsprosjekt for handsaming i kommunestyret. Kommunedirektøren skal starte prosess med å etablere eit elektronisk prosjektstyringssystem, og det skal leggjast fram eit opplæringssystem som sikrar opplæring i prosjektstyring både for politisk og administrativt nivå.

I samband med budsjett for 2025 er det lagt inn ein investering på NOK 1,5 mill. til prosjektleiing. Kommunedirektør grunna det i eit behov for å sikre god oppfølging av alle investeringsprosjekt. Det betyr at kommunen må bygge opp kompetanse og eit system som

sikrar at alle gjennomfører investeringsprosjekt i tråd med vedtatt prosjektreglement for investeringar. Kommunedirektøren foreslår å tilsette ein fagansvarleg for prosjektstyring som skal følgje opp dette fagområdet. Denne stillinga blir finansiert gjennom investeringsmidlar.

Fleirtalspartia sitt fokusområde

- Fleirtalspartia vil utifrå den økonomiske situasjonen kommunen er i sikre at investeringar vert halden innanfor ansvarlege økonomiske rammer.
- Fleirtalspartia vil framover ha større politisk involvering og kontroll over investeringsprosjekt. Dette er forankra i det vedtekne styringsdokumentet, ref. sak 73/24.
- Fleirtalspartia er glad for at kommunedirektør har auka fokuset på kontroll i investeringsprosjekt.

Framlegg til vedtak:

Budsjett 2025 – Økonomiplan 2026 - 2028

1. Austevoll kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan 2025-2028, med følgjande endringar:

Drift: Tenesteområde/gruppering	Tiltak	2025	2026	2027	2028
Politiske styringsorgan	Reduksjon annonse/informasjon	-27	-27	-27	-27
Politiske styringsorgan	Reduksjon formannskapet sin ymsepost	-53	-53	-53	-53
Politiske styringsorgan	Reduksjon qåver/blomster	-87	-87	-87	-87
Politiske styringsorgan	Redusere utgifter til mat politiske møter	-100	-100	-100	-100
Folkehelse	Kutt i driftstilskudd til AIK og Selbjørn IL	100	0	0	0
Austevollbadet	Redusere ulike eksisterende kostnader	-100	-100	-100	-100
Ymse tenester	Effekt prosjekt langsiktig økonomisk utvikling	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Ymse tenester	Avslutte ulike abonnement og medlemskap	0	0	0	0
Selbjørn skule	Skulelunsj	175	300	300	300
Storebø skule	Skulelunsj	317	417	417	417
Austevoll ungdomsskule	Skulelunsj	180	320	320	320
Helse og velferd felleskostnader	Mulighetsstudie demensavdeling Austevoll PO senter	-500	500	0	0
Tildelingskontor	Redusert BPA teneste	600	600	600	600
Legetenesta	Ikke leger fra vikarbyrå	0	0	0	0
Miljøarbeidartenesta - Lindevika	Reduksjon i kommunal lønnstilskot	676	676	676	676
Miljøarbeidartenesta - Lindevika	Ordinær drift	369	369	369	369
Miljøarbeidartenesta - Lindevika	Endre avtale mellom Austevoll kommune og ASV ATA-	0	0	0	0
Miljøarbeidertenesta - Gullsmedvegen	Ferieavllasting	235	470	470	470
Miljøarbeidertenesta - Gullsmedvegen	Avlastning på rauda dagar	50	50	50	50
Sum endring drift	Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekne	835	2 335	1 835	1 835

2. Austevoll kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for perioden 2025-2028.
3. Austevoll kommunestyre vedtar at renteinntekter frå fondsmidlar i 2025 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.

4. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 35,2 millionar i 2025. Kr 20,2 millionar av desse er med heimel i kommunelova § 14-15 første ledd, varige driftsmidlar, og kr 15 millionar med heimel i kommunelova § 14-17, lån til vidare utlån (startlån). kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innafor ramma til finansreglementet.
5. Austevoll kommunestyre vedtek at kommunedirektøren får løyve til å ta opp kassekreditt på inntil 30 millionar for å sikre løpende likviditet gjennom året.
6. Austevoll kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal, jf. kommunelova §14-2:
 - a. Netto driftsresultat - 1,75 % av driftsinntekter
 - b. Disposisjonsfond - 13 % av driftsinntekter
 - c. Netto lånegjeld - 90 % av driftsinntekter
7. Austevoll kommunestyre gir kommunedirektøren løyve til å starte opp konseptfase for prosjekta Hjartesone Storebø skule, carport heimetene og oppgradering av Prestanesvegen. Konseptfasen skal finansierast med midlar frå investeringsposten"prosjekt i utgreiingsfase.

Verbalpunkt: Ref. tekstdelen i dette budsjettet dokumentet.

Røysting

Ved røysting blei det røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og fellesframlegget frå Frp, H, INP og Krf.

Fellesframlegget blei vedtatt med 5 røyster for og 1 røyst mot (Ingrid Møgster, Ap).

Vedtak

Budsjett 2025 – Økonomiplan 2026 - 2028

1. Austevoll kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan 2025-2028, med følgjande endringar:

Drift: Tenesteområde/gruppering	Tiltak	2025	2026	2027	2028
Politiske styringsorgan	Reduksjon annonse/informasjon	-27	-27	-27	-27
Politiske styringsorgan	Reduksjon formannskapet sin ymsepost	-53	-53	-53	-53
Politiske styringsorgan	Reduksjon qåver/blomster	-87	-87	-87	-87
Politiske styringsorgan	Redusere utgifter til mat politiske møter	-100	-100	-100	-100
Folkehelse	Kutt i driftstilskudd til AIK og Selbjørn IL	100	0	0	0
Austevollbadet	Redusere ulike eksisterende kostnader	-100	-100	-100	-100
Ymse tenester	Effekt prosjekt langsiktig økonomisk utvikling	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Ymse tenester	Avslutte ulike abonnement og medlemskap	0	0	0	0
Selbjørn skule	Skulelunsj	175	300	300	300
Storebø skule	Skulelunsj	317	417	417	417
Austevoll ungdomsskule	Skulelunsj	180	320	320	320
Helse og velferd felleskostnader	Mulighetsstudie demensavdeling Austevoll PO senter	-500	500	0	0
Tildelingskontor	Redusert BPA teneste	600	600	600	600
					E
					V
Legeatenesta	Ikke leger fra vikarbyrå	0	0	0	0
Miljøarbeidartenesta - Lindevika	Reduksjon i kommunal lønnstilskot	676	676	676	676
Miljøarbeidartenesta - Lindevika	Ordinær drift	369	369	369	369
Miljøarbeidartenesta - Lindevika	Endre avtale mellom Austevoll kommune og ASV ATA-	0	0	0	0
Miljøarbeidartenesta - Gullsmedvegen	Ferieavlasting	235	470	470	470
Miljøarbeidartenesta - Gullsmedvegen	Avlasting på raudे dagar	50	50	50	50
Sum endring drift	Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekne	835	2 335	1 835	1 835

2. Austevoll kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for perioden 2025-2028.
3. Austevoll kommunestyre vedtar at renteinntekter frå fondsmidlar i 2025 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
4. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 35,2 millionar i 2025. Kr 20,2 millionar av desse er med heimel i kommunelova § 14-15 første ledd, varige driftsmidlar, og kr 15 millionar med heimel i kommunelova § 14-17, lån til vidare utlån (startlån). kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innafor ramma til finansreglementet.
5. Austevoll kommunestyre vedtek at kommunedirektøren får løyve til å ta opp kassekreditt på inntil 30 millionar for å sikre løpende likviditet gjennom året.
6. Austevoll kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal, jf. kommunelova §14-2:
 - a. Netto driftsresultat - 1,75 % av driftsinntekter
 - b. Disposisjonsfond - 13 % av driftsinntekter
 - c. Netto lånegjeld - 90 % av driftsinntekter
7. Austevoll kommunestyre gir kommunedirektøren løyve til å starte opp konseptfase for prosjekta Hjartesone Storebø skule, carport heimeteneste og oppgradering av Prestanesvegen. Konseptfasen skal finansierast med midlar frå investeringsposten "prosjekt i utgreiingsfase".

Verbalpunkt: Ref. tekstdelen i dette budsjettdokumentet.